



Årsmelding 2022 for Hardangerkoret

Jondal/ Bergen 17.januar 2022

Hardangerkoret fekk fire korsamlingar i 2022. Den første samlinga som skulle ha vore i januar, måtte utgå grunna framleis korona-restriksjonar. Vidare gjekk helgene omlag som planlagd; 1-3.april, 10-12.juni, 23-25.september og 25-27.november.

1-3.april var det øvingshelg på NRK-huset på Minde og på Bønes Arena i Fyllingsdalen. Dei kormedlemmene som trengte overnatting, sytte denne gongen for overnattingar sjølve. Korhelga vart avslutta med Konserten "SONGEN VAKNAR" med Per Oddvar Hildre og Hardangerkoret, søndag 3.april i Biskopshavn kirke kl.13.00 og i Skjold kirke kl.18.00. Musikarar med på konsertane var Per Arild Skorgen, Arild Bernt Nielsen og Ole Amund Gjersvik. Repertoaret var: Den fyrste song, Kärlekens tid, Vilar glad, Abide, Jeg kom til landet, Liten sommersang, Blåmann (allsong), Laudate (allsong), Deg være ære (allsong), Ein fin liten blome (allsong), Bred dina (allsong), Walk in the light, Just a closer walk og I surrender all.

Denne helga vart også årsmøtet halde på Bønes Arena, laurdag 2.april kl.09.00

Øvingshelga 10-12 juni måtte i siste liten flyttast frå Kinsarvik til Jondal. For dei som trengte overnatting, fekk vi ordna med plass på Vassel Gard i Herand. Lunsj og middag fekk vi ordna med Folgefonn Gjestetun. Øvingslokalet var Jondal bedehus. Repertoar var Glädjens blomster, Vilar glad, Så länge skutan, Exultate, Stabat Mater, Jeg synger julekvad og notar på lur i tillegg frå «Songen vaknar» og frå julerepertoaret.

23-25.september var det igjen duka for ei rein øvingshelg. også denne gongen i Jondal med tilbod om overnatting og måltider på Folgefonn Gjestetun og øvingslokalet var Jondal bedehus. Repertoaret var Aftensang, Jeg synger julekvad, No kimar det til julefest, Deilig er den himmel blå, Så länge skutan kan gå, Vilar glad, Kärlekens tid, Bred dina vida vingar og Glädjens blomster.

Julekonserthelga vi skulle hatt fjerde helga i advent, vart etter ønskje frå koret, endra til å bli «Nyttårskonsert med ekko av jul» 22.januar 2023. Og siste øvingshelga i 2022 vart istaden lagt til første helga i advent, 25-27.november.



Dette vart då også ei rein øvingshelg, denne gongen på Voss, med Ole Bull Akademiet som både øvingslokale og stad for tilbod om måltid og overnatting. Ein ny, men sentral og godt eigna øvingsstad, som koret gjerne kjem attende til.

Repertoaret på siste øvingshelga var Den fyrste song, Kärlekens tid, Vilar glad, Abide, Jeg kom til landet, Walk in the Light, Just a closer, I surrender, No kimar det til julefest, Sov no Maja mor, Deilig er den himmel blå (stod på lista, men vart ikkje brukt), Det hev ei rosa sprunge, allsongar: Ein fin liten blome, Bred dina og Deilig er jorden(allsong). Og i tillegg øvde vi ein heil del på Exultate Deo.

På denne siste øvingshelga, tok Hardangerkoret i bruk korappen ChoirMate.

Styret har hatt 5 styremøte, 3 digitalt, og 2 i samband med korhelger. På årsmøtet vart Anne Karin Stormyr attvald som leiar. Styret 2022 konstituerte seg elles med Eva Nærø – nestleiar, Gunnar Dalseith – kasserar, Randi Støre Gjerde – styremedlem og kaffiansvarleg, Astrid Moen– sekretær, Grethe Lill Eide og Trude Lydvo – varamedlemmer.

Styret har tilsaman handsama 30 saker om gjennomføring av korhelger og konsertar, økonomi, namneendring med meir. Økonomien syner seg å bli ei stor utfordring no etter pandemien, og etter at kortkursordninga via folkehøgskulesystemet har falle bort. Koret må arbeide vidare med å finne hovudsponsor og andre sponsorar.

Hardangerkoret hadde 53 betalande medlemmer i 2022. Medlemmene kjem frå Ullensvang, Ulvik, Eidfjord, Voss, Kvam, Kvinnherad, Stord, Bergen og Askøy.

Hardangerkoret er takksame for å ha Per Oddvar Hildre som fast dirigent. På forunderleg vis går øvingsøktene unna utan at vi merkar tida. Tonedanning, intonasjon og klang, stemmer og harmoniar fell på plass, og med eitt kan vi mykje meir enn vi trudde. Det er ei gåve å få vere i ein setting der så mange ulike songarar får lytte seg saman og syngje seg saman, slik vi får, under så dyktig intruksjon.

Styret takkar dirigent og kvar enkelt korist, for inspirasjon, innsats og samhald gjennom året som byrja i pandemi og som fekk nærme seg meir og meir normaltilstand etter kvart som året gjekk.

Vi vonar på eit Godt Nytt korår i 2023, med nye, fine og rike musikalske opplevingar saman både i konsert og førebuing. Godt samhald, god atmosfære og



Hardangerkoret

god lagånd er også er eit flott kvalitetsstempel for Hardangerkoret, i tillegg til det musikalske, og dette er grunnleggjande kvalitetar vi vil ivareta og utvikle vidare.

Ref: Anne Karin Stormyr og Randi Støre Gjerde